



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** 1. etg., Samfunnshuset i Volda  
**Dato:** 26.01.2017  
**Tid:** 16:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Henning Holsvik, permisjon kl. 18.00.	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Sølvi Dimmen	Medlem	SP



## VOLDA KOMMUNE

Varamedlemer som møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jenny Venås	Odd Arne Folkestad	FRP
Ivar-Otto Kristiansen	Sindre Rotevatn	H
Petter Espe	Dan Helge Bjørneset	H
Einar Børtveit	Anders Egil Straume	KRF
Jan Øystein Håvik Holsvik	Sølvi Dimmen	SP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Jeanette Brandal	Ingeniør/prosjektleder PS 3/17
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef PS 4/17

Henning Holsvik, Krf, fekk permisjon kl. 18.00, etter handsaming av sak PS 4/17. Det var 26 røysteføre i framhald av møtet.

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 2/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 10/17	<b>Årsmelding for Volda ungdomsråd 2016</b>
PS 3/17	<b>Tilleggsøyving klimaskjerm og etablering av 3. etasje Ivar Aasen bygget</b>
PS 4/17	<b>Kvalitetsplan for opplæring og oppvekst 2017-2020</b>
PS 6/17	<b>Hamneavgift - Vikeneskaia og Allmenningskaia 2016</b>
PS 7/17	<b>Kulturpris - Volda kommune</b>
PS 8/17	<b>Kulturmidlar - Volda kommune</b>
PS 9/17	<b>Fritak frå eigedomsskatt i 2017 etter § 7</b>



## VOLDA KOMMUNE

- PS 11/17 **Vedtektsendringer i Sparebank1 Søre Sunnmøre - reduksjon av kommunen sin representasjon i banken si Generalforsamling**
- PS 12/17 **Orienteringssaker**
- OS 1/17 **Møteprotokoll frå møte 02.12.16 i kontrollutvalet**
- OS 2/17 **Etablering av ny kommune Hornindal og Volda – Prosjektorganisering**
- OS 3/17 **Oppnemning av temakomitear**
- OS 4/17 **Rapport sjukefråvær 3.kvartal 2016**
- OS 6/17 **Orientering om arbeidet i Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal for 2016**
- OS 7/17 **Tilbakemelding etter rapport frå fylkesmannen vedr. gjennomført tilsyn på kommunal praksis knytt til pasient og brukarrettigheitslova kapittel 4A**
- PS 13/17 **Delegerte saker frå avdelingane**
- DS 1/17 **Ferdigattest, bustad Gbr 2/79**
- DS 2/17 **Rammeløyve, bruksendring Gbr 6/24**
- DS 3/17 **Løyve til tiltak, omprofilering Gbr 11/58**
- DS 4/17 **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 11/75**
- DS 5/17 **Ferdigattest Gbr 13/151**
- DS 6/17 **Ferdigattest Gbr 17/186**
- DS 7/17 **Ferdigattest, garasje Gbr 18/401**
- DS 8/17 **Løyve til tiltak, omprofilering Gbr 19/620**
- DS 9/17 **Løyve til tiltak, bruksendring Gbr 19/259**
- DS 10/17 **Ferdigattest, parkeringsplass Gbr 19/451**
- DS 11/17 **Ferdigattest, terrasse Gbr 19/757**
- DS 12/17 **Løyve til tiltak, ombygging Gbr 19/753**
- DS 13/17 **Ferdigattest Gbr 21/178**
- DS 14/17 **Dispensasjon Gbr 30/385**
- DS 15/17 **Igangsettingsløyve Gbr 30/421**
- DS 16/17 **Løyve til tiltak, riving av skule Gbr 47/1**
- DS 17/17 **Løyve til tiltak, bustad Gbr 54/7**
- DS 18/17 **Ferdigattest, fritidsbustad Gbr 79/22**
- DS 19/17 **Ferdigattest, terrasse Gbr 89/23**
- DS 20/17 **Løyve til tiltak, bustad Gbr 93/22**
- DS 21/17 **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 149/20**



# VOLDA KOMMUNE

## PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Handsaming:

Det var 27 møtande ved møtestart.

### Innkalling

Innkalling og sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert den 19.01.2017. Møtet vart annonsert i «Møre» den 21.01.2017.

### Røysting:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

### Sakliste

- Ordføraren kom med framlegg om at PS 5/17, Veglys Krumsvika Mørenett bygger ned luftspenn, vert trekt og at sak PS 10/17, Årsmelding for Volda ungdomsråd 2016, vert handsama som første sak.
- Gunnar Strøm reiste spørsmål om OS 5/17, ordføraren informerte og kom med framlegg om at saka vert trekt frå saklista.
- Arild Iversen reiste spørsmål om kvifor OS 2/17 og OS 3/17 vert lagt fram som orienteringssaker, i staden for politiske saker. Ordføraren informerte om at sakene er lagt fram til orientering, og at sakene kjem attende til politisk handsaming i eit felles kommunestyremøte seinare i kommunesamanslåingsprosessen.
- Rebecca Riise Bjerknes reiste spørsmål om innsyn i sakspapira til den Mellombelse fellesnemnda for Volda og Hornindal kommunar. Ordføraren orienterte om at dokumenta kan lesast på lesebretta og kommunen si heimeside. Protokollane frå den mellombelse fellesnemnda vert lagt fram til kommunestyret som orienteringssaker.

### Røysting:

Saklista, med endring frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

### Fairtrade

Kommunen sin Fairtrade representant, Anne Natvik, orienterte kommunestyret om Fairtrade og kva det inneber å vere ein Fairtrade kommune.

### Ungdommens spørjetime

Medlemer frå Volda ungdomsråd og frivillige lag og organisasjonar, møtte og kom med spørsmål til kommunestyret. Tema som ungdommane var opptekne av var mellom anna:

- Klima og miljø, der det vert vist til fem klimatiltak
- Trafikktrygging – vegen til Munken
- Korleis skal ein oppretthalde eit best mogleg kinotilbod?
- Kostnader kring Volda Campus Arena og opplæringsbasseng. Leige eller bygge sjølv?
- Kvifor vert det ikkje bygd gymsal og symjebasseng på Øyra skule?



## VOLDA KOMMUNE

- Kva vil kommunestyret gjere for at Volda ungdomsskule skal bli neste renoveringsprosjekt i Volda? Og kva konkret tenker dykk å gjere for å få betre tilhøve på skulen?
- Mork skule er liten og treng oppgradering. Kva vil skje med Mork skule?

Ordføraren svara på spørsmåla og takka ungdommen for reflekterte og gode spørsmål.

### **PS 2/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte, den 15.12.2016, vart ikkje røysta over.

### **PS 10/17 Årsmelding for Volda ungdomsråd 2016**

#### **Handsaming:**

Ordføraren kom med slikt framlegg til vedtak:

*Kommunestyret tek Årsmelding frå ungdomsrådet 2016 til vitende.*

#### **Røysting (27 røysteføre):**

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i kommunestyret - 26.01.2017:**

*Kommunestyret tek Årsmelding frå ungdomsrådet 2016 til vitende.*

### **PS 3/17 Tilleggsøyving klimaskjerm og etablering av 3. etasje Ivar Aasen bygget**

#### **Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret:**

1. *Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)*

*Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.*

2. *Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).*



## VOLDA KOMMUNE

- 3. Det er potensiale for at 70 % av totale mva- utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.*

### **Handsaming:**

Sakshandsamar Jeanette Brandal møtte og svara på spørsmål frå kommunestyret.

Prøverøysting:

Tilrådinga frå formannskapet fekk 16 røyster, 11 røysta imot.

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet fekk 17 røyster og vart vedteke, 10 røysta imot.

### **Vedtak i kommunestyret - 26.01.2017:**

- 1. Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)*  
*Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.*
- 2. Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).*
- 3. Det er potensiale for at 70 % av totale mva- utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.*

### **PS 4/17 Kvalitetsplan for opplæring og oppvekst 2017-2020**

#### **Samrøystes tilråding i Driftsstyret - 18.01.2017 til kommunestyret**

- 1. Driftsstyret vedtek tekstdelen av Kvalitetsplan for opplæring og oppvekst 2017-2020 slik han ligg føre*
- 2. Administrasjonen vert å ferdigstille kvalitetsplanen med omsyn til layout, illustrasjonar og biletbuk*

### **Handsaming:**

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte om saka.

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå driftsstyret vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

### Vedtak i kommunestyret - 26.01.2017:

- 1. Driftsstyret vedtek tekstdelen av Kvalitetsplan for opplæring og oppvekst 2017-2020 slik han ligg føre*
- 2. Administrasjonen vert å ferdigstille kvalitetsplanen med omsyn til layout, illustrasjonar og biletbuk*

### PS 6/17 Hamneavgift - Vikeneskaia og Allmenningskaia 2016

#### Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret:

- 1. Hamneregulativet med betalingssatsar vert godkjent slik som det er lagt fram i vedlegg av 04.11.16.*
- 2. Hamneavgifta/betalingssatsar vert rullert årleg i samband med den årlege reguleringa av kommunale avgifter og gebyr.*
- 3. Informasjonsskilt vert plassert som vist i vedlegg 2.*
- 4. Administrasjonen finn ei løysing for innkrevjing av avgift for fritidsbåtar og mindre fartøy.*

#### Handsaming:

Henning Holsvik fekk permisjon.

#### Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i kommunestyret - 26.01.2017:

- 1. Hamneregulativet med betalingssatsar vert godkjent slik som det er lagt fram i vedlegg av 04.11.16.*
- 2. Hamneavgifta/betalingssatsar vert rullert årleg i samband med den årlege reguleringa av kommunale avgifter og gebyr.*
- 3. Informasjonsskilt vert plassert som vist i vedlegg 2.*
- 4. Administrasjonen finn ei løysing for innkrevjing av avgift for fritidsbåtar og mindre fartøy.*



## VOLDA KOMMUNE

### PS 7/17 Kulturpris - Volda kommune

#### Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette ordning for kulturpris i Volda kommune og godkjenner retningsliner for prisen slik det er vist i saksutgreiinga.*
- 2. Utgiftene med prisen i 2017, kr 10 000, vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost. Prisen vert å innarbeide i komande budsjett- og økonomiplan.*

#### Handsaming:

#### Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak i kommunestyret - 26.01.2017:

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette ordning for kulturpris i Volda kommune og godkjenner retningsliner for prisen slik det er vist i saksutgreiinga.*
- 2. Utgiftene med prisen i 2017, kr 10 000, vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost. Prisen vert å innarbeide i komande budsjett- og økonomiplan.*

### PS 8/17 Kulturmidlar - Volda kommune

#### Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret :

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.*
- 2. For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.*
- 3. Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.*
- 4. Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.*

#### Handsaming:

Arild Iversen kom med slikt framlegg:

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar frå og med 2018. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.*





## VOLDA KOMMUNE

- 2. Kulturmidlar vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

### **Røysting** (26 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Arild Iversen. Tiltrådinga frå formannskapet fekk 15 røyster og vart vedteken, framlegget frå Arild Iversen fekk 11 røyster og fall.

### **Vedtak i kommunestyret - 26.01.2017:**

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.*
- 2. For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.*
- 3. Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.*
- 4. Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.*

### **PS 9/17 Fritak frå eigedomsskatt i 2017 etter § 7**

#### **Tiltråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret:**

- 1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
- 2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomen med gnr 13 bnr 1, "Kulturbakkane" og "Ristetunet" gitt fritak frå eigedomsskatt.*
- 3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

#### **Handsaming:**

Margrete Bjerkvik kom med slikt tillegg til punkt 1:

*Med unntak av studentsamskipnaden*

Roald Espset, Volda frp, kom med slikt framlegg:

*Huseigarar som leiger ut husvære til studentar skal ikkje betale eigedomsskatt for det arealet dei leiger ut.*



## VOLDA KOMMUNE

### **Røysting** (26 røysteføre):

Framlegget frå Roald Espset fekk fire røyster og fall, 22 røysta imot.

Framlegget frå Margrete Bjerkvik fekk 11 røyster og fall, 15 røysta imot.

Tilrådinga frå formannskapet fekk 15 røyster og vart vedteken, 11 røysta imot.

### **Vedtak i kommunestyret - 26.01.2017:**

- 1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
- 2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomen med gnr 13 bnr 1, "Kulturbakkane" og "Ristetunet" gitt fritak frå eigedomsskatt.*
- 3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

### **PS 11/17 Vedtektsendringar i Sparebank1 Søre Sunnmøre - reduksjon av kommunen sin representasjon i banken si Generalforsamling**

#### **Tilråding i valnenda 26.01.2017 – til kommunestyret:**

*Kommunestyret gjer tidlegare val (k-sak 109) av kommunale representantar i Forstandarskapen i Sparebank1 Søre Sunnmøre om inkje, og vel følgjande ny representant Arild Iversen og Oddny Vatnehol vararepresentant til Sparebank1 Søre Sunnmøre si generalforsamling.*

#### **Handsaming:**

### **Røysting** (26 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i kommunestyret - 26.01.2017:**

*Kommunestyret gjer tidlegare val (k-sak 109) av kommunale representantar i Forstandarskapen i Sparebank1 Søre Sunnmøre om inkje, og vel følgjande ny representant Arild Iversen og Oddny Vatnehol vararepresentant til Sparebank1 Søre Sunnmøre si generalforsamling.*

### **PS 12/17 Orienteringssaker**

Kommunestyret kom med merknader til OS 2/17 og OS 3/17. Det kom fram i debatten at arbeidet i kommunesamanslåingsprosessen må vere politisk forankra i kommunestyra og at det er eit ynskje at kommunestyret vert involvert i prosessen. Ordføraren orienterte om at



## VOLDA KOMMUNE

dokumenta er ei orientering til kommunestyret og at kommunestyret får saka attende til handsaming.

**OS 1/17 Møteprotokoll frå møte 02.12.16 i kontrollutvalet**

**OS 2/17 Etablering av ny kommune Hornindal og Volda - Prosjektorganisering**

**OS 3/17 Oppnemning av temakomitear**

**OS 4/17 Rapport sjukefråvær 3.kvartal 2016**

**OS 6/17 Orientering om arbeidet i Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal for 2016**

**OS 7/17 Tilbakemelding etter rapport frå fylkesmannen vedr. gjennomført tilsyn på kommunal praksis knytt til pasient og brukarrettigheitslova kapittel 4A**

**PS 13/17 Delegerte saker frå avdelingane**

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.

Møtet slutt kl. 19:10

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
27.01.2017

Sonja Håvik  
konsulent